



Mjåtveitlvens Forening
Rosslandsvegen 336
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1738 - 18/25030

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

29.11.2018

Godkjenning - GBNR 22/190, Mjåtveitmarka - Igangsettingsløyve og løyve til tilkopling - Hus A - Delfelt B5

Administrativt vedtak. Saknr: 325/2018

Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS

Ansvarleg søkjar: Tysseland Arkitektur AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar, Mjåtveitmarka B16 AS, søkt om igangsettingsløyve (IG) for heile tiltaket ved oppføring av hus 08 med sju bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173.

Det er også søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg for hus A.

Rammeløyve blei gitt administrativt i vedtak datert 19.09.2018, DS 233/2018.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det nødvendig med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Rammeløyvet er gitt på vilkår for igangsettingsløyve om at det er gitt IG for samla opparbeiding av utomhusareal (utomhusplan) og godkjent søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Løyve til igangsetting av arbeid omfatta av utomhusplan blei gitt gjennom vedtak datert 23.11.2018, DS 316/2018.

Det er søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i søknad journalført 23.11.2018. Meland kommune godkjenner at hus a i felt B5 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/190 BLIR tilkopa kommunalt VA-anlegg, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2 i samsvar med søknad med vedlegg frå Tysseland Arkitektur AS.

På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkåra i rammeløyvet er oppfylt.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og sist oppdaterte gjennomføringsplan datert 22.11.2018. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket – oppføring av hus A med ti bueiningar i felt B5 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/190, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 31.10.2018, supplert sist 23.11.2018.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak. Vilkår for bruksløyve gitt i rammeløyvet gjeld for tiltaket.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden blir registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Tilknyting VA-anlegg:

Meland kommune godkjenner at hus A med ti bueiningar på eigedomen gbnr 22/190 blir tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad journalført 23.11.2018 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - jf kommuneforlaget.
- Tilkoplinga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- + mva og for avlaup kr 20 000,- per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23 - 3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Gebyr

Gebyr for saksbehandlinga blir ettersendt tiltakshavar.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Mjåtveitlvens Forening	Rosslandsvegen 336	5918	FREKHAUG
Tysseland Arkitektur AS	Strandgaten 19	5013	BERGEN